



**Norsk Hardanger
Fruktrådgiving**

Pressemelding

Praksis plass / arbeid i Sør-Tyrol

No kan komande og ferske fruktdyrkarar få arbeidserfaring frå ein av dei leiande fruktdistrikta i Europa – og kanskje i verda. I Syd Tyrol vert det produsert 1 000 000 tonn eple i året av om lag 6000 fruktdyrkarar. Dei fleste gardane har om lag same storleiken på eplearealet som i Hardanger, men har ein mykje større produksjon pr dekar. Snittproduksjonen for heile området ligg på mellom 6 – 8 tonn eple pr dekar, men det finst felt som gir mykje meir enn det.

DyrkSmart og Norsk Fruktrådgiving Hardanger har i samarbeid med rådgjevingstenesta (www.beratungsring.org) i Sør-Tyrol oppretta eit tilbod om å formidla praksisplassar i fruktdistriktet i nord-Italia. Det er ikkje noko fast system og ein får ikkje noko formell utdanning, men vil variera frå gard til gard der ein får arbeid.

Svært mange av gardane driv både med eple og med vinproduksjon, og oppe i høgareliggjande dalar er det også noko produksjon av moreller, plommer og jordbær. Det kan vera snakk om arbeid og opphald i kortare eller lengre tid og dei tek imot «ungdomar» i alle aldrar. Hus og kost vert dekkja i tillegg til noko lommepengar. Det er krav om engelsk eller helst tysk språk. Dersom nokon snakkar italiensk så det også eit alternativ.

Norsk Fruktrådgiving Hardanger ordnar det praktiske og interesserte kan ta kontakt med Jan Ove Nes på telefon 913 18 679 eller på epost jan.ove.nes@lr.no

Utne / Lofthus 17. juli 2014